

MØTEBOK

Organ:	Sogndal eldreråd
Stad:	Tingsalen - Leikanger tinghus
Dato:	25.05.2021
Tid:	09:00 – 11:00

Faste medlemmer til stades: Knut Henning Grepstad, møteleiar

Grete Fischer

Jorunn Fjermestad

Hjalmar Fureli

Margrete Haug

Anny Helen Urtegård

Forfall til møtet: Asbjørn Ekse

Varamedlemmer til stades: Marit Bøtun møtte ikkje.

Til stades med møte- og talerett: Katrine Evebø, kommunalsjef helse og omsorg

Sekretariat for møtet: Anita Foss Midlang

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Sak 1/21
Sogndal eldreråd - Skriv, meldingar, orienteringar og drøftingssaker
25.05.21

Vedtak:

A. Skriv og meldingar

B. Drøftingar

Sekretariat funksjon

Dagens lokalisering av sekretariatsfunksjonen for eldrerådet til kommunalsjefen for helse og omsorg er ikkje er tilfredsstillande.

Fram til 01.01.2021 hadde Sogndal eldreråd ein mellombels sekretariatsfunksjon.

Frå 01.01.2021 vart sekretariatsfunksjonen lagt til kommunalsjefen for helse og omsorg.

Eldrerådet ber om at sekretariatsfunksjonen for eldrerådet vert lagt til rådmannen sin stab og politisk sekretariat. Dette oppmoda eldrerådet om i fråsegna si til driftsbudsjett 2021.

Plassering av sekretariatsfunksjonen for eldrerådet til rådmannen sin stab og politisk sekretariat er i samsvar med tilrådingane då eldreråd vart etablert.

Eldrerådet vil understreke at ønsket om ny lokalisering av sekretariatsfunksjonen er prinsipiell og ikkje ein kritikk av dei som så langt har utført sekretariats oppgåvene for eldrerådet.

VEDTAK

Eldrerådet ber om at sekretariatsfunksjonen for eldrerådet snarast vert lagt til rådmannen sin stab og politisk sekretariat.

Noverande lokalisering av sekretariatsfunksjonen for eldrerådet til kommunalsjefen for helse og omsorg er ikkje er tilfredsstillande.

Sekretariatet må ha den fagleg kompetansen og kapasitet som trengst for å kunne saks førebu og kome med tilråding i sakene som skal handsamast i eldrerådet.

Budsjettarbeid 2022

Eldrerådet minner om oppmodinga om så tidleg som mogleg å bli informert om og involvert i arbeidet med årsbudsjettet for 2022 og økonomiplanen.

Innspel til samfunnsplan til kommuneplan

Ingen merknad til eldrerådet sitt innsendt innspel

C. Orienteringar

Prosjekt helse og omsorg, orientering frå kommunalsjef helse og omsorg Katrine Evebø

D. Innkomne spørsmål frå representantane

Eldrerådet oppmoda Sogndal kommune til å organisere rutinar for hjelp til innbyggerane som treng teknisk hjelp med ulike typar hjelpemiddel i heimane.

Rådet ber om at det vert etablert rutinar slik at rådet får svar på dei spørsmål rådet tek opp.

Eldrerådet ber om at medlemene vert påmelde som abonnentar på informasjon frå Statsforvaltaren som vedkjem eldrerådet.

